



Kommunedelplan for Fv 49 forbi Tokagjelet

FØRESEGNER OG RETNINGSLINJER

Sakshandsaming i samsvar med plan- og bygningslova	Saksnr	Dato	Sign.
Kunngjering oppstart		10.05.18	STVEG
Planprogram - forslag på høyring i tidsrommet 10.05.18 – 22.06.18			STVEG
Informasjonsmøte for ålmenta		07.06.18	STVEG
Fastsettjing av planprogram v/Kvam heradstype		13.11.18	JONE
Fullmakt frå Kvam heradstype, jf plan- og bygningslova § 3-7 - å leggja planframlegg til off. ettersyn og høyring	056/19	11.06.19	JONE
Planframlegg - offentleg ettersyn og høyring i tidsrommet 07.10.19-19.01.20			STVEG
Handsaming i Kvam miljø-, plan- og bygningsutval	028/20	22.09.20	JONE
Handsaming i Kvam formannskap	079/20	23.09.20	JONE
Vedtak i Kvam heradsstype	096/20	29.09.20	JONE
Kunngjering av vedtak		10.11.20	ASGJ
I medhald av § 11-15 i plan- og bygningslova			
Sign.:.....			

Kort om planen

Kommunedelplanen avklarar framtidig trasé for fv. 49 forbi Tokagejelet.

Planområdet omfattar Steinsdalen i Kvam herad, Kvamsskogen/Eikedalen til grensa med Samnanger kommune.

Kommunedelplanen inneholder plankart med desse føreseggnene og retningslinjene for gjennomføring av planen.

Kommunedelplanen omfattar desse dokumenta:

Planomtale med konsekvensutgreiing

Plankart (Juridisk bindande)

Føresegner (Juridisk bindande)

Retningslinjer

Verknad av planar (pbl § 1-5)

Når bandlegginga etter pbl § 11-8 d i denne planen blir oppheva, gjeld følgjande: For areal etter pbl § 11-7 nr 1, 3, 5 og 6 gjeld føreseggnene knytt til arealdelen av kommuneplanane.

Kvam Herad: Kommuneplanen vart vedteke av heradsstyret i Kvam i sak 066/19, 8. oktober 2019.
Kommunedelplan Kvamsskogen vart vedteken 06.09.2011 PlanID 123820110006.

FØRESEGNER

Kapittel 1. Føremål

1–1. Føremål

Kommunedelplanen skal avklare trasé med tilhøyrande anlegg for framtidig fv. 49 forbi Tokagejelet.
Planen omfattar areal i kommunane Kvam og Samnanger.

Kapittel 2 Generelle føresegner (Pbl § 11 – 9)

2–1 Krav om reguleringsplan ((Pbl § 11–9, nr. 1)

2-1.1

Innanfor plangrensa skal det utarbeidast ny reguleringsplan for alle tiltak etter pbl § 1-6, med unnatak for tiltak etter pbl § 20-1c, e, h og i.

Reguleringsplankravet gjeld også for alle tiltak innanfor sikringssona til vegtunnelane. Sikringssona har ei utstrekning på 40 meter til kvar side målt frå veglina i tunnelvegplanet og 30 meter over og under tunnelvegplanet.

Reguleringsplankravet opphører når ny reguleringsplan for fv. 49 er vedteken.

2–2 Tilhøve som skal klargjera i vidare reguleringsarbeid (pbl § 11–9, nr. 8)

2-2.1 Miljøoppfølging

Bruk av tunnelmassar må avklarast i reguleringsplan, jf. krav i plan- og bygningslova og forureingslova. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T 1442/2016, skal leggjast til grunn for arbeidet med reguleringsplanen.

2–3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl § 11–9 nr. 3)

2-3.1 Hovudveg

Vegen skal planleggast som to felts veg, dimensjonert for 80 km/t. Vegen skal planleggast i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100 Veg- og gateutforming og handbok N 500 Vegtunneler

2-3.2 Tilkomstvegar

Som del av veggtiltaket, skal kryss mellom eksisterande fv. 49 og ny fv. 49 og naudsynte tilkomstvegar opparbeidast.

2-3.3 Gang – og sykkelvegar

Det er planlagt gang- og sykkelveg langs eksisterande veg mellom Kleven og Fossenbratte. Planen skal gjelde i den utstrekning den ligg vest for vedteke tunnelinnslag.

2-3.4 Kollektivtransport

Det skal planleggast kollektivhaldeplassar for av- og påstiging i samband med nye kryss på fv. 49. Ved kryss i Steinsdalen skal det og planleggast snuplass for buss. Ved øvre stengingspunkt på eksisterande fv. 49 ved Tokagejlet, skal det planleggast snuplass for buss.

2–4 Krav om byggjegrenser, funksjonskrav mm. (Pbl § 11–9, nr. 5)

2-4.1

Byggjegrense er 50m frå senterline av fylkesveg. For kommunale vegar er byggegrensa 15m målt frå senterlinja av vegen.

Kap 3 Arealføremål (Pbl § 11-7)Omsynssonar (Pbl § 11-8)

3-1 Omsynssoner knytt til faresone (Pbl § 11-8a)

3-1.1

Plankarta viser NGI sine aktsemderområde for snøskred og steinsprang og NVE sine aktsemderområde for flaum og flaum- og jordskred.

I Steinsdalen er faresonekart for skred vist på plankarta.

3-1.2

For areal etter pbl § 11-7 nr 1, 3, 5 og 6 og omsynssoner etter pbl § 11-8 b, c, e og f gjeld føresegnehene i kommuneplanen.

Kvam Herad: Kommunedelplan for Kvamskogen 2010-2020 og kommuneplan 2019.

3-2. Sone for bandlegging for framtidig regulering etter Plan og bygningslova (Pbl § 11-8 d)

3-2.1

Bandlegginga gjeld sone langs trasé for ny fv. 49 med tilhøyrande kryss/sideanlegg på strekninga frå Steinsdalen i Kvam herad til Kvamsskogen/Eikedalen til grensa med Samnanger kommune.

Retningslinjer for vidare planarbeid

Det vert og vist til Planrapporten knytt til KDP med KU for fv. 49 Tokagelet og til delrapportar for konsekvensutgreiinga.

Generelt om planen

Området skal regulerast til veganlegg med tilhøyrande lokal- og tilførselsvegar, vegkryss, gang- og sykkelvegar, samt avbøtande tiltak i form av skredskring, støyskjerming og omforming av sideterrenget. Areal til anleggsgjennomføring inkl. riggområde og eventuelle massedeponi skal inngå i reguleringsplanen.

Eventuelle behov for omlegging av annan infrastruktur som kraftanlegg og høgspentleidningar eller andre tekniske anlegg, skal avklara som del av reguleringsplanarbeidet. Naudsynt omlegging skal utførast før eller samstundes med anlegg av veggtiltaket etter avklaring med eigar av det aktuelle anlegget.

Generelle miljøomsyn og krav til temaplanar som del av reguleringsarbeidet

I vidare planlegging skal det veljast løysingar som avgrensar dei negative konsekvensane for ytre miljø, så langt dette er teknisk mogeleg og økonomisk forsvarleg. Nye forhold kan kome fram i samband med reguleringsplanlegging. Dei punkta som er kome med er ut frå den kunnskapen ein har ved utarbeiding av kommunedelplanen.

Rigg- og marksikringsplan

Det skal utarbeidast ein rigg- og marksikringsplan for veganlegget som del av reguleringsarbeidet. I samband med fastsetting av grenser mellom rørt og urørt område, skal det takast omsyn til jord- og skogbruksverdiar, natur og kulturverdiar samt vassdrag.

Det skal utarbeidast ein oversikt over tema/problemstillingar som skal vurderast i Ytre miljø plan, som del av reguleringsarbeidet.

ROS-analysar og risikovurderingar

- Før tunnelar blir sendt inn for sikkerhetsgodkjenning, er det ein føresetnad at det er gjennomført risikovurderingar i samarbeid med lokalt brannvesen og andre utrykkingsetatar.
- Der anlegget vil ligge innanfor aktsemdsoner sett av NVE, må det gjerast ein nærmare vurdering av skred og flaumfare i samband med planarbeidet i neste planfase.
- Det skal gjennomførast ROS-analyse i reguleringsplanfasen

Støy og luftforureining

- I samband med reguleringsplanen skal det gjennomførast ein støyfagleg utgreiing i samsvar med gjeldande støyretningslinje T - 1442. Denne utgreiinga skal gi grunnlag for avklaring av støytiltak. Endeleg utforming av støyskjermande tiltak skal avklarast i reguleringsplanarbeidet og gå fram av reguleringsplankartet med tilhøyrande reguleringsføresegner.

Landskapsbilete, utforming og estetikk

- Veganlegget skal ta omsyn til særpreget og skalaen til landskapet som anlegget ligg i.
- Naturleg revegetering av jordfyllingane i skogsterren må vurderast for å tilbakeføre det visuelle preget til eit heilskapleg skoglandskap samt for å dempe fjernverknaden. Det bør bli tilrettelagt for revegetering av sideareala etter kvart som anlegget er ferdig bygd.
- I landbrukslandskap bør ein vurdere bakkeplanering for å dempe inntrykket av fyllingar og jordskjeringar.
- I rigg- og marksikringsplanen bør det gis føringar for masseflytting. Dette for å sikre at landskapet sine kvalitetar blir ivaretakne, at ein får god revegetering og at ei unngår spreiing av uønska artar i anlegget.

Kulturminne og kulturmiljø

- Tilhøve til kulturminne og kulturlandskap skal avklarast i reguleringsplanfasen.

Naturmangfold og vasskvalitet

- Det viktigaste tiltaket her er å minimere arealbeslaget innanfor, eller nær inntil, dei registrerte lokalitetane, både anleggs- og driftsfasen. Ein bør ha stor fokus på dette i alle fasar av prosjektet, og spesielt for lokalitetar med middels og stor verdi.
- Generelt bør anleggs- og riggområde, massedeponi o.l. i størst mogleg grad lokalisert til areal som allereie er påverka av menneskeleg aktivitet framfor i verdifull natur.
- Ved kryssing av bekkar og vassdrag med skal arbeid og utforming av kulvertar og bruer ivareta omsynet til laks/aure.
- Det må sikrast at avrenning frå tunnel/deponiområde ikkje forringar vasskvaliteten i Steindalselva og andre vassdrag.
- Det er viktig at ein i område med førekommst av svartlisteartar unngår spreiing av desse gjennom ei forsvarleg kartlegging, handtering og deponering av avdekningsmassane.

Naturressursar – jord- og skogbruksområde

- Kartlegge landbrukseigedomar som vert råka i samband med driftsmessigetilhøve for jord og skog som blir råka av tiltaket, og finne avbøtande tiltak.
- Matjord som må fjernast frå veglinja skal takast vare på og nyttast i planområdet.
- Avgrense beslag av fulldyrka jord der det er mogleg
- Legge til rette for nydyrkning for å avgrense tapet av dyrkajord.
- Kartlegge drikkevassbrønnar

Nærmiljø og friluftsliv

- Det skal sikrast trygt tilgjenge til friluftsområde og viktige innfallsportartil friluftsområde i anleggsperioden

Klimautslepp frå arealendringar i skog og myr

Avbøtande tiltak bør alltid følgje hierarkiet 1) unngå, 2) minimere og 3) kompensere. Forslag til tiltak som bør arbeidast vidare med i reguleringsplanen er:

- Justeringar av traséar slik at ein reduserer tapet av skogs- og myrområde.
- Redusere tapet av myr ved å bygge bru over myr
- Redusere tapet av skog og myr ved å legge kryss, tilkomstvegar, riggområde, etc. på andre typar areal, fortrinnsvis eksisterande vegar eller anna opparbeidd areal.
- Desse tiltaka bør vurderast saman med andre miljøtema.

Veg- og trafikksystem

- Vegløysinga for ny hovudveg må optimaliserast i reguleringsplanarbeidet med tanke på veggeometri, grunntilhøve, geologi, terrengetilpassing, omsyn til natur- og kulturmiljøverdiar, nærmiljø og andre miljøverdiar.
- Kryssutforming må avklarast.
- Utforming av råka sideterreng og plassering av overskotsmassar i til dømes skjermande terrengvollar langs veg eller som utfylt areal som kan nyttast til samfunnsnyttige føremål (landbruk, friluftsliv og rekreasjon, utbygging m.m.), må avklarast i tilknyting til veganleggget.
- Løysingar for kryssingspunkt for turvegar, driftsvegar og viltpassasjarar skal avklarast i det vidare reguleringsarbeidet.
- Gang- og sykkelveg langs eksisterande fylkesveg bør vere med i kommunedelplan i den grad den ligg vest for nytt tunnelpåhogg.

Mjuke trafikantar

- I det vidare reguleringsplanarbeidet skal det leggjast vekt på å finne fram til løysingar som sikrar dei mjuke trafikantane samband mellom Kvamsskogen og Steinsdalen.

Grunntilhøve – vurdering av skredsikring og høge skjeringar

- Generelt utføre meir detaljerte både geologiske og geotekniske grunnundersøkingar for å få best mogleg grunnlag for reguleringsarbeidet, jf. anbefalt oppfølging i geoteknisk og geologisk rapport.

Anleggsperioden

- Minimalisere inngrep og skader på tilgrensande areal i anleggsfasen, særleg der det er høg vegetasjon og langs vassdrag. Midlertidige inngrep bør bli forsøkt redusert, og ny vegetasjon bør bli etablert suksessivt etter kvart som anlegget er ferdigstilt.
- Ein må sjå til at gåande og syklande vert sikra framkomst på veg- og stinett og tilgjenge til område som vert brukt til friluftsliv eller er av betyding for uteopphald i nærmiljøet.
- Trafikktryggleik ved gjennomføring er sentralt i den HMS-planen (helse, miljø og sikkerheit) som skal leggjast til grunn for anleggsperioden.
- Handtering av sprengstoff skal endeleg avklarast i ein SHA-plan.
- Ikke overskride grensene for støy og forureining. Mellombels riggplassar og mellombels lagringsplassar for massar og anleggsmateriale skal utformast med oppsamling for mogleg forureinande stoff. Det skal vurderast mellombelse støyskjermingstiltak mot friluftsområde, bustadområde og område for uteopphald for barn og unge i anleggsperioden
- Det skal vurderast naudsynte tiltak mot avrenning av partiklar frå tunnelar, gravearbeid og massedeponi. Spesielt fokus på avrenning mot vassdrag.
- For å unngå skade på viktige kulturminne i anleggsperioden, må dei verte merka. Dette vil vere særskilt viktig i sårbare område. Slik merking må gjerast i samråd med fylkeskommunen.